

## Saksprotokoll i Utval for areal og samferdsel - 11.11.2015

Fellesframlegg frå utvalet om eit nytt pkt. 3, lagt fram av Karsten Fylkesnes (KrF):

Det bør i høyringsperioden vere eit innspelsmøte for alle barnehagar i Bømlo kommune for å sikre oppfølging av kriteria for å kunne bli sertifisert som trafikksikker kommune.

Fellesframlegget frå utvalet vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Utval for areal og samferdsel gjorde samrøystes slikt **vedtak**:

1. Utval for areal og samferdsel vedtek med heimel i Plan- og bygningslova § 11-14 å leggja ut til offentleg ettersyn «Trafikksikringsplan for Bømlo kommune 2016-2020».
2. I høyringsuttalen ynskjer kommunen at høyringspartane uttalar seg om mellom anna a)private barnehagar og kriterium med tanke på trafikksikker kommune, b)kva forventningar som bør stillast til politiet si rolle i ts-arbeidet og c) om innspela til planarbeidet er rett omtalte.
3. Det bør i høyringsperioden vere eit innspelsmøte for alle barnehagar i Bømlo kommune for å sikre oppfølging av kriteria for å kunne bli sertifisert som trafikksikker kommune
4. Høyringsfristen vert sett til 15.01.2016.



Dato: 14.10.2015  
Arkivref: 2015/12-23648/2015 / 567

Saksbehandlar: Nils Kåre Nysæter  
53 42 30 64  
nils-kaare.nysaeter@bomlo.kommune.no

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
155   15	Utval for areal og samferdsel	11.11.2015

**FRAMLEGG TIL TRAFIKKSIKRINGSPLAN FOR BØMLO KOMMUNE****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Utval for areal og samferdsel vedtek med heimel i Plan- og bygningslova § 11-14 å leggja ut til offentlig ettersyn «Trafikksikringsplan for Bømlo kommune 2016-2020».
2. I høyringsuttalen ynskjer kommunen at høyringspartane uttalar seg om mellom anna a)private barnehagar og kriterium med tanke på trafikksikker kommune, b)kva forventningar som bør stillast til politiet si rolle i ts-arbeidet og c) om innspela til planarbeidet er rett omtalte.
3. Høyringsfristen vert sett til 15.01.2016.

**Dokument i saka:**

1. Vedtak i utval for areal og samferdsel 21.01.2015.
2. Kommunestyrevedtak, sak om trafikksikker kommune, 16.02.2015.
3. Kunngjering av oppstart av planarbeid 05.05.2015.
4. Tilskot frå Hordaland fylke til utarbeiding av trafikksikringsplan.
5. Framlegg til trafikksikringsplan for Bømlo kommune 2016-2020, høyringsutkast.
6. Innspel til trafikksikringsplanarbeidet, sjå tabell 10 i plandokumentet.

**Bakgrunn for saka:**

Bømlo kommune vedtok sin første trafikksikringsplan i 1994. Denne planen vert omtalt som Trafikksikringsrapporten frå 1994. Rapporten vart rullert i 2002 og ny plan vart vedteken i 2011. Det er denne planen som i dag gjeld fram til ny plan vert vedteken.

Utval for areal og samferdsel vedtok i møte 21.01.2015 å starta opp arbeid med å rullera trafikksikringsplanen frå 2011. Planframlegget er utarbeidd og vert behandla som ein temaplan. I kommunen sin planstrategi skulle trafikksikringsplanen behandlast som ein kommunedelplan, men styringsgruppa for ts-planen avgjorde i møte i 19.05.2015 å behandla trafikksikringsplanen som ein temaplan. Oppstart av planarbeidet vart kunngjort i Bømlo Nytt 05. 05.2015.

I innspelsrunden kom det inn 20 innspel til arbeidet med trafikksikringsplanen. Sjå vedlagt liste over kven som har sendt inn innspel i tabell 10 i plandokumentet. I tillegg har prosjektgruppa for planen lagt inn eigne forslag til tiltak i handlingsdelen i trafikksikringsplanen.

TS Tenester LTD har arbeidd ut framlegg til trafikksikringsplan på oppdrag frå Bømlo kommune. Dette firmaet vart tildelt oppdraget etter ein avgrensa anbudskonkurranse. Planarbeidet har vore

organisert med ei styringsgruppe og ei prosjektgruppe. Styringsgruppa har vore samansett av rådmann, teknisk sjef, leiar av teknisk drift og kommunalsjef for oppvekst og kultur. Prosjektgruppa har saman med innleigd konsulent arbeidd ut framlegget til plan og er samansett av representantar frå Statens vegvesen, Bømlo lensmannskontor, Nobina AS (busselskapet som har kontrakt på rutebusstrafikken i Sunnhordland) og kommunen (teknisk avdeling, oppvekst og kultur samt folkehelsekoordinator).

Kommunestyret behandla ei sak i februar månad i år der temaet var trafikk sikker kommune. Bakgrunnen for saka var at Hordaland fylkeskommune sin handlingsplan for trafikk sikring 2014-2017 seier at «Hordaland fylkeskommune ynskjer å vere ein pådrivar for at kommunar i Hordaland vert sertifisert som «trafikk sikker kommune». Det vert sett som eit mål at minimum 10 kommunar vert sertifisert som «trafikk sikker kommune» i løpet av perioden».

Kommunestyret gjorde slik vedtak:

1. Bømlo kommune har som mål å bli sertifisert som «trafikk sikker kommune».
2. Bømlo kommune skal vera mellom dei 10 kommunane i Hordaland som vert sertifisert som «trafikk sikker kommune» i løpet av planperioden 2014-2017.

Framlegget til trafikk sikringsplanen for 2016-20 byggjer på Statens vegvesen sin rettleiar for kommunale trafikk sikringsplanar. Planarbeidet har omfatta registrering av grunnlagsinformasjon (ulukkesstatistikk), innspel til planarbeidet frå ulike hald, problemanalyse, forslag til tiltak og prioritering av desse.

I planarbeidet er det lagt stor vekt på å innarbeida nødvendige kriteria og føresetnader slik at kommunen gjennom ytterlegare tiltak skal kunna bli godkjend som ein «trafikk sikker kommune».

Handlingsplanen er delt i to kategoriar, prioriterte tiltak på kort og på lang sikt.

#### **Vurderingar:**

Trafikk sikringsplanen frå 2011 med tilhøyrande handlingsplan er gjennomgått av arbeidsgruppa. Gjennomgangen visar at det aller meste av dei prioriterte tiltaka i planen er gjennomført. Dei tiltaka som ikkje er gjennomført, er vurdert på nytt i den nye planen.

Bømlopakken skal ha fokus på trafikk tryggleik både i prosjektering og bygging av nye vegar. TS-revisjon er ein del av dette arbeidet. TS-planen føreset at trafikk tryggleiken vert tatt hand om av Bømlopakken for alle prosjekta som er planlagt bygd i perioden 2015 - 2019. Dette skjer både gjennom reguleringsplanar og detaljerte byggeplanar.

Plandokumentet er delt i tre hovudbolkar.

Første delen av trafikk sikringsplanen er ein generell del der målsetjingar, forankringar i nasjonalt og regionalt planverk, ulukkesanalysar og skildring av kriteria som må oppfyllest for å bli sertifisert som ein trafikk sikker kommune.

I andre delen er hovudfokus på trafikk retta tiltak og haldningsskapande tiltak.

Den tredje delen tar for seg ein gjennomgang av handlingsplanen frå 2011 og eit oversyn og vurdering av dei innkomne innspela til planarbeidet. I denne delen ligg handlingsplanen for dei ulike tiltaka som skal gjennomførast. Handlingsdelen er delt i tre. Her finn me ei oppstilling over a) prioriterte fysiske strakstiltak,

- b) prioriterte fysiske langsiktige tiltak og
- c) oversikt over andre tiltak av t.d. meir driftsmessig karakter

Plandokumentet er eit godt grunnlag for det vidare trafikksikringsarbeid i kommunen og rådmannen rår til at plan med vedlegg vert lagt ut på høyring. Planen skal liggja ute på høyring i minst seks veker. Men sidan både jul- og nyttårshelg kjem tett opp i høyringsrunden, vert planen lagt ut med høyringsfrist 15. januar 2016.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Planarbeidet er kostnadsrekna til om lag kr. 400 000 inkludert kommunale ressursar. Hordaland fylke har vedteke å støtta arbeidet med utarbeiding av trafikksikringsplanen med kr. 175 000.

Det er berre utgifter knytt til naudsynt innleige av hjelp til utarbeiding av plan, trykking etc. det kan søkjast om tilskot til, men ikkje bruk av kommunale ressursar.

I plandokumentet er det gjort kostnadsoverslag over alle dei føreslegne tiltaka. Samla kostnader for dei prioriterte strakstiltaka er rekna til om lag kr. 5,64 mill. og for dei prioriterte langsiktige tiltaka om lag kr. 3,75 mill. For tiltak som er vurdert som andre forhold er kostnaden estimert til kr. 1,995 mill.

Det er avgjerande at planen vert følgd opp med løyvingar til trafikksikring gjennom velferdsplanen og dei årlege budsjettvedtaka.

#### **Miljømessige konsekvensar:**

Dei miljømessige konsekvensane går fram av plandokumentet. Ein oppdatert trafikksikringsplan skal vera eit instrument for å oppnå best mogleg trafikktryggleik i kommunen.

#### **Beredskap- og samfunnstryggleik:**

Trafikksikringsplanen er eit viktig dokument for å sikra vegane i kommunen for både mjuke og harde trafikkantar. Gjennom denne planen vert det lagt vekt på å finna fram til mest mogleg verknadsfulle tiltak, både fysiske og haldningsskapande.

Arbeidsgruppa for arbeidet føreslår å nytta mottoet "Bømlo kommune – ein trafikksikker kommune" på framsida av plandokumentet. Målet å bli sertifisert som «trafikksikker kommune» ikkje nådd med denne planen, men legg eit godt grunnlag for det vidare arbeidet i den kommunale organisasjonen. Ein trafikksikker kommune inneber at kommunen skal arbeida meir systematisk med trafikktryggleiken.

#### **Folkehelse:**

Ein trafikksikker kommune sikrar også folkehelsa.

#### **Oppsummering og konklusjon:**

Rådmannen meiner at det framlagde plandokumentet er eit godt grunnlag for det vidare trafikktryggleiksarbeid i kommunen og rår til at plandokumentet med vedlegg vert lagt ut på høyring. Høyringsfristen vert sett til 15.01.2016.